



DET KONGELIGE  
JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENT

# Ot.prp. nr. 24

(2001-2002)

---

Om lov om endringar i  
rettergangslovgjevinga m.m. (namn på  
fyrsteinstansdomstolane m.m.)

*Tilråding frå Justis- og politidepartementet av 16. november  
2001,  
godkjend i statsråd same dagen. (Regjeringa Bondevik II)*

## 1 Innhald og bakgrunn for proposisjonen

Justisdepartementet gjer i denne proposisjonen framlegg til lov om endringar i rettergangslovgjevinga og i ei lang rekkje andre lover. Framlegget omfattar endringar i embetsnamna på fyrsteinstansdomstolane. Framlegget inneber berre endringar av omgrep, og det blir ikkje gjort framlegg om materielle lovendringar. Proposisjonen er ei oppfølging av St.meld. nr. 23 (2000-2001) Førsteinstansdomstolene i fremtiden og Innst. S. nr. 242 (2000-2001).

Under handsaminga av St. meld. nr. 23 (2000-2001) Førsteinstansdomstolene i fremtiden, tok ein mellom anna opp spørsmålet om namn på fyrsteinstansdomstolane. Departementet gjekk inn for at fyrsteinstansdomstolane skal heite «tingrett», domstolleiaren skal heite «sorenskriver» og dei andre dommarane «tingrettsdommer». Stortinget slutta seg til departementets forslag, jf. Innst. S. nr. 242 (2000-2001) side 10. Innstillinga vart handsama av Stortinget 21. mai 2001.

Føremålet med endringa er å forenkle nemningane på fyrsteinstansdomstolane. Domstolane bør heite det same over heile landet. Departementet viser til St.meld. nr. 23 (2000-2001) kapittel 10.

Departementet tek sikte på å fremje ein eigen Ot.prp. om endringar i funksjonsnemningar (skifterett, verjemålsrett, namsrett og forhøyrrett) på domstolane seinare.

## **2 Økonomiske og administrative konsekvensar**

Fyrsteinstansdomstolane treng mellom anna nye skilt og stempel som følgje av namneendringane. Det vil og bli kostnader til IT-tilpassingar og annonsering i lokalpressa med meir. Kostnadene er rekna ut til å verte minst kr. 1.620.000. Utgiftene vil bli dekt innan ramma til justissektoren.

### 3 Merknader til dei einskilde føresegnene:

#### *Til endringane i I:*

Lovendringane omfattar endring frå omgrepet herads- og byrett til tingrett. Alle føresegner som som inneheld omgrepa herads- eller byrett skal endrast. Omgrepet herads- og byrett finst i lovgjevinga i mange ulike former; bokmål, nynorsk, eintal, fleirtal, bunden og ubunden form, nominativ, genitiv og så bortetter. Alle desse må byttast ut med den tilsvarande språklege forma av omgrepet tingrett. Der det til dømes i lov 25. mars 1994 nr. 7 om sikring mot og erstatning for naturskader (naturskadeloven) § 7 fyrste leddet fyrste punktumet står «by- eller herredsretten», skal det byttast ut med «tingretten». I lov 13. august 1915 nr. 5 om domstolene (domstolloven) § 1 nr. 4 skal til dømes «herreds- og byrettene» byttast ut med «tingrettene».

I lovar der det berre er vist til heradsrett, skal omgrepet òg byttast ut med tingrett, jf. til dømes lov 1. juni 1917 nr. 1 om skjønn og ekspropriasjonssaker § 24 andre leddet. Dette gjeld òg i føresegn der det berre er vist til byrett. I lov 13. august 1915 nr. 6 om rettergangsmåten for tvistemål (tvistemålsloven) § 472 fyrste leddet andre punktumet, skal til dømes «Oslo byrett» byttast ut med «Oslo tingrett». Når det gjeld Oslo byfogdembete og Oslo skifterett og byskriverembete, er dei ikkje omfatta av framlegget, sjå St.meld. nr. 23 (2000-2001) side 73 og Innst. S. nr. 242 (2000-2001) side 10. Oslo byrett skal heite Oslo tingrett. Då unngår ein at byrettar og tingrettar eksisterer side om side.

Spesialdomstolane Bergen byfogdembete, Stavanger byfogdembete og Trondheim byfogdembete skal seinare slåast saman med byrettane i dei respektive byane, sjå St.meld. nr. 23 (2000-2001) og Innst. S. nr. 242 (2000-2001). Tingrettane i desse byane vil førebels ikkje vere fullfaglege domstolar. Departementet meiner at byrettane i desse byane alt no bør skifte namn til tingrett, sjølv om samanslåingane ikkje er gjennomførde enno. I til dømes lov 21. november 1952 nr. 2 om betaling og innkreving av skatt § 48 nr. 3 femte punktumet skal difor «byrett» byttast ut med «tingrett».

I føresegn der omgrepet herads- og byrett blir nemnt fleire gonger i same punktumet, til dømes i lov 13. august 1915 nr. 6 om rettergangsmåten for tvistemål (tvistemålsloven) § 222 fyrste leddet andre punktumet, skal omgrepet endrast alle stadar.

#### *Til endringane i II:*

Lovendringane omfattar endring frå omgrepet herads- og byrettsdommar til tingrettsdommar og er ei følgje av endringa av namn på fyrsteinstansdomstolane. Dei ulike språklege formene av omgrepet herads- og byrettsdommar skal òg i desse tilfella byttast ut med den tilsvarande språklege forma av omgrepet tingrettsdommar. I lovar på bokmål skal omgrepet byttast ut med den tilsvarande bokmålsforma av omgrepet tingrettsdommar. I til dømes lov 7. juni 1935 nr. 2 om tinglysing (tinglysingsloven) § 1 fyrste leddet fyrste punktumet, skal «herreds- og bydommeren» byttast ut med «tingrettsdommeren».

*Til endringane i III:*

I vanlege fyrsteinstansdomstolar med berre ei dommarstilling, er denne eine dommaren sorenskrivar. Nemninga justitiarius skal ikkje lenger nyttast på leiaren av dei vanlege fyrsteinstansdomstolane.

*Til endringane i IV:*

Domstolloven § 19 fyrste leddet er skrive om, men det blir ikkje gjort endringar i realiteten i føresegna. I domstolar med berre ein dommar, er denne sorenskrivar. Nemninga justitiarius skal ikkje nyttast på leiaren av dei vanlege fyrsteinstansdomstolane lenger.

I § 71 fyrste leddet fyrste punktumet vert omgrepet «herreds- og byrettsaker» endra til «tingrettssaker» som følgje av endringane i namn på fyrsteinstansdomstolane.

*Til endringane i V:*

Omgrepet «herreds- og byrettssaker» vert endra til «tingrettssaker» som følgje av endringane i namna på fyrsteinstansdomstolane.

*Til endringane i VI, VII og VIII:*

Endringane gjeld føresegn som ikkje er teke til å gjelde enno. Omgrepet herads- og byrett skal byttast ut med omgrepet tingrett, jamfør merknadene til endringane i I.

*Til IX:*

Departementet tek sikte på at loven skal ta til å gjelde så snart som mogeleg.

Justis- og politidepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringar i rettergangslovgjevinga m.m. (namn på fyrsteinstansdomstolane m.m.)

---

Vi **HARALD**, Norges Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i rettergangslovgjevinga m. m. (namn på fyrsteinstansdomstolane m.m.) i samsvar med eit vedlagt forslag.

## **Forslag til lov om endringer i rettergangslvgjevinga m.m. (namn på fyrsteinstansdomstolane m.m.)**

### I

I følgjande føresegner skal tilvisingane til omgrepet herads- og byrett endrast til tilvisingar til omgrepet tingrett:

- 1. lov 9. juni 1903 nr. 7 om Statskontrol med Skibes Sjødygtighed m.v. § 27 og § 34 tredje leddet fyrste punktumet
- 2. lov 13. august 1915 nr. 5 om domstolene (domstolloven) § 1 nr. 4, § 10 tredje leddet fyrste, andre og fjerde punktumet, § 19 andre leddet fyrste punktumet, tredje leddet, fjerde leddet fyrste punktumet og femte leddet, § 20 fyrste leddet, § 21 fyrste leddet, § 22, § 25 fyrste leddet, § 44 fyrste leddet andre punktumet, § 46 andre leddet fyrste punktumet, § 47 fyrste leddet andre punktumet, § 55 fyrste leddet og andre leddet andre punktumet, § 63 fyrste leddet fyrste punktumet, § 74 andre punktumet, § 75 fjerde punktumet, § 80 andre leddet fyrste punktumet, § 82 fyrste leddet fyrste punktumet, § 86 fyrste leddet fyrste punktumet og tredje leddet andre punktumet, § 99 fyrste leddet andre punktumet, § 166 andre leddet tredje punktumet og § 223 fyrste leddet andre punktumet
- 3. lov 13. august 1915 nr. 6 om rettergangsmåten for tvistemål (tvistemålsloven) § 2, § 3 nr. 1, § 44 andre leddet fyrste punktumet, § 69 andre leddet fyrste punktumet, § 74 andre leddet fyrste punktumet, § 99 andre leddet, § 99a fyrste leddet, § 199 fyrste punktumet, § 199a fyrste leddet fyrste punktumet, § 222 fyrste leddet andre punktumet, § 229 fyrste leddet fyrste punktumet og andre leddet, § 252 tredje leddet fyrste punktumet, § 268, § 287 fyrste leddet fyrste punktumet, § 296 fyrste punktumet, § 298 andre leddet fyrste punktumet, § 299 fyrste punktumet, § 323, § 325 fyrste leddet, § 374 andre leddet andre punktumet, § 409 fyrste leddet andre punktumet, § 438 fyrste leddet tredje punktumet, § 455, § 456 fyrste leddet fyrste punktumet, § 457 fyrste punktumet, § 458 andre leddet, § 465 andre leddet, § 472 fyrste leddet fyrste og andre punktumet, § 475 fyrste leddet og § 476 fjerde leddet tredje punktumet
- 4. lov 1. juni 1917 nr. 1 om skjønn og ekspropriasjonssaker § 5 fyrste leddet, § 10 andre leddet, § 12 fyrste leddet andre punktumet, § 13 andre punktumet, § 14 fyrste leddet fyrste punktumet og tredje leddet fyrste punktumet, § 15 andre leddet, § 20a andre punktumet, § 24 andre leddet, § 31 fyrste leddet, § 33 andre leddet, § 33a fyrste leddet andre og tredje punktumet og tredje leddet tredje punktumet, § 34 fyrste leddet, § 45 andre leddet fyrste punktumet, § 47 andre punktumet, § 54b andre leddet og § 58 fyrste leddet andre punktumet
- 5. lov 14. desember 1917 nr. 16 om erverv av vannfall, bergverk og annen fast

- eiendom m.v. § 28 tredje leddet fyrste punktumet
- 6. lov 14. august 1918 nr. 2 om utdrag i tvistemål og straffesaker § 10 andre leddet fyrste punktumet
  - 7. lov 14. august 1918 nr. 4 om rettergangsordningens ikrafttræden § 4 fyrste og andre leddet og § 6 fyrste leddet
  - 8. lov 5. mai 1927 nr. 1 om arbeidstvister § 7 nr. 3 fyrste og tredje punktumet, nr. 4 fyrste og andre punktumet, nr. 5 og nr. 6, § 26 nr. 1 fyrste punktumet, overskrifta til § 26b, § 26 b nr. 1 og nr. 3 tredje punktumet og § 46 nr. 2 femte punktumet
  - 9. lov 21. februar 1930 om skifte § 1 og § 31 andre leddet andre punktumet
  - 10. lov 5. februar 1932 nr. 2 om rettergangsmåten i riksrettssaker § 9 andre leddet fyrste og andre punktumet
  - 11. lov 27. mai 1932 nr. 2 om veksler § 73 fyrste leddet
  - 12. lov 27. mai 1932 nr. 3 om chekker § 56
  - 13. lov 7. juni 1935 nr. 2 om tinglysing § 1 fyrste leddet andre punktumet og §19 fyrste leddet
  - 14. lov 15. desember 1950 nr. 7 om særlige rådgjerder under krig, krigsfare og liknende forhold § 10
  - 15. lov 21. november 1952 nr. 2 om betaling og innkreving av skatt § 48 nr. 3 femte og sjette punktumet
  - 16. lov 26. juni 1953 nr. 8 om oppfinnelser av betydning for rikets forsvar § 9 fyrste leddet andre punktumet
  - 17. lov 18. desember 1959 nr. 1 om mortifikasjon av skuldbrev m.v. § 4 andre leddet fyrste punktumet
  - 18. lov 4. februar 1960 nr. 2 om borettslag § 17 fyrste leddet andre punktumet, § 19 tredje leddet tredje punktumet og § 34a fjerde leddet fjerde punktumet
  - 19. lov 3. mars 1961 nr. 4 om varemerker § 42
  - 20. lov 3. mars 1961 nr. 5 om fellesmerker § 5 andre leddet
  - 21. lov 5. mai 1961 om grannegjerde § 17 fyrste leddet andre punktumet
  - 22. lov 10. juni 1966 nr. 5 om toll (tolloven) § 16 fjerde leddet fyrste punktumet
  - 23. lov 16. desember 1966 nr. 9 om anke til Trygderetten § 18
  - 24. lov 7. juli 1967 nr. 13 om husleieregulering m.v. for boliger § 14 fyrste leddet tredje punktumet og § 15 andre leddet fyrste punktumet
  - 25. lov 15. desember 1967 nr. 9 om patenter § 63 fyrste og andre leddet
  - 26. lov 13. juni 1969 nr. 26 om skadeserstatning § 3-9 tredje punktumet og § 3-10 tredje leddet
  - 27. lov 19. juni 1969 nr. 66 om merverdiavgift § 72 nr. 1 andre punktumet
  - 28. lov 29. mai 1970 nr. 33 om mønster § 41 fyrste og andre leddet
  - 29. lov 28. juni 1974 nr. 58 om odelsretten og åsetesretten § 60 fyrste leddet fyrste punktumet
  - 30. lov 4. februar 1977 nr. 4 om arbeidervern og arbeidsmiljø m.v overskrifta til § 61B, § 61B fyrste leddet, § 61C fyrste leddet fyrste punktumet
  - 31. lov 28. april 1978 nr. 18 om behandling av forbrukertvister § 11 fyrste leddet fyrste punktumet, andre leddet og fjerde leddet andre punktumet
  - 32. lov 9. juni 1978 nr. 45 om likestilling mellom kjønnene § 15 fyrste leddet fjerde punktumet
  - 33. lov 9. juni 1978 nr. 49 om reindrift § 27 fyrste leddet
  - 34. lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 23c fyrste leddet fyrste punktumet
  - 35. lov 21. desember 1979 nr. 77 om jordskifte o.a (jordskifteloven) § 18 fyrste

## punktumet

- 36. lov 6. mars 1981 nr. 5 om barneombud § 4 tredje leddet andre punktumet
- 37. lov 8. april 1981 nr. 7 om barn og foreldre (barnelova) § 13 fyrste leddet, § 28 fyrste leddet tredje punktumet og § 36 femte leddet
- 38. lov 22. mai 1981 nr. 25 om rettergangsmåten i straffesaker (Straffeprosessloven) § 5 fyrste og andre leddet, § 6 nr. 1 og 2, § 76 andre leddet fyrste, andre og tredje punktumet, tredje leddet fyrste punktumet og fjerde leddet fyrste punktumet, § 96 andre og tredje leddet, § 109 fyrste leddet fyrste punktumet, § 109a fyrste leddet fyrste punktumet, § 130a sjette leddet andre punktumet, § 261 tredje punktumet, § 274 fyrste leddet andre punktumet, § 275 fyrste leddet andre punktumet, overskrifta til kapittel 22, § 306 fyrste leddet, § 322 fyrste leddet, § 331 fjerde leddet, § 447 tredje leddet andre punktumet, § 466 andre leddet fyrste, tredje og fjerde punktumet, § 470 fyrste leddet andre punktumet og § 476 tredje leddet og fjerde leddet fyrste punktumet
- 39. lov 17. desember 1982 nr. 86 om rettsgebyr § 5a nr. 2, overskrifta til kapittel 2 B, § 8 fyrste leddet fyrste og andre punktumet, sjuande leddet fjerde punktumet og § 10 nr. 11
- 40. lov 8. juni 1984 nr. 58 om gjeldsforhandling og konkurs (konkursloven) § 145 fyrste leddet og § 154 femte leddet andre punktumet
- 41. lov 7. juni 1985 nr. 51 om utmarkskommisjon for Nordland og Troms § 13 fjerde leddet andre punktumet
- 42. lov 14. juni 1985 nr. 77 Plan- og bygningslov § 50 nr. 2 andre punktumet og § 60 andre leddet fyrste punktumet og fjerde leddet andre punktumet
- 43. lov 16. juni 1989 nr. 69 om forsikringsavtaler § 20-1 tredje punktumet
- 44. lov 20. juli 1991 nr. 67 om overføring av domfelte § 13 fyrste punktumet og § 16
- 45. lov 13. desember 1991 nr. 81 om sosiale tjenester m.v § 6A-7 tredje leddet, overskrifta til § 6A-9, § 6A-9 fyrste leddet og fjerde leddet, § 9-10 fyrste leddet fyrste punktumet, andre leddet fyrste punktumet og fjerde leddet fyrste punktumet
- 46. lov 26. juni 1992 nr. 86 om tvangsfullbyrdelse og midlertidig sikring (tvangsfullbyrdelsesloven) § 2-8 fyrste leddet
- 47. lov 12. mars 1993 nr. 32 om planteforedlerrett § 29 fyrste og andre leddet
- 48. lov 11. juni 1993 nr. 101 om luftfart (luftfartsloven) § 3-22 andre leddet fyrste punktumet
- 49. lov 25. mars 1994 nr. 7 om sikring mot og erstatning for naturskader (naturskadeloven) § 7 fyrste punktumet og § 8 fyrste leddet tredje punktumet
- 50. lov 24. juni 1994 nr. 39 om sjøfarten (sjøloven) § 20 andre leddet fyrste punktumet, § 35 andre leddet fyrste punktumet, § 118 fyrste leddet andre punktumet, § 305 fyrste leddet fyrste punktumet, og § 476 fyrste leddet
- 51. lov 5. august 1994 nr. 55 om vern mot smittsomme sykdommer § 5-2 femte leddet tredje punktumet, § 5-3 femte leddet andre punktumet og § 5-9 fyrste punktumet
- 52. lov 12. mai 1995 nr. 22 om universiteter og høyskoler § 43 nr. 1 fyrste punktumet
- 53. lov 25. august 1995 nr. 57 om pakkereiser (pakkereiseloven) § 10-5 fyrste leddet fyrste punktumet og andre leddet tredje punktumet
- 54. lov 29. november 1996 nr. 72 om petroleumsvirksomhet § 8-6 andre leddet og fjerde leddet andre punktumet
- 55. lov 23. mai 1997 nr. 31 om eierseksjoner (eierseksjonsloven) § 16 andre



leddet fyrste punktumet

- 56. lov 13. juni 1997 nr. 43 om avtalar med forbrukar om oppføring av ny bustad m.m (bustadopføringslova) § 64 tredje leddet tredje punktumet
- 57. lov 26. mars 1999 nr.17 om husleieavtaler (husleieloven) § 12-2 andre leddet fyrste punktumet og tredje leddet fyrste og tredje punktumet
- 58. lov 25. juni 1999 nr. 46 om finansavtaler og finansoppdrag (finansavtaleloven) § 4 (5)
- 59. lov 2. juli 1999 nr. 62 om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern (psykisk helsevernloven) § 5-6 andre leddet fyrste punktumet, § 6-4 andre leddet andre punktumet, tredje leddet og niande leddet fyrste punktumet
- 60. lov 16. juli 1999 nr. 69 om offentlige anskaffelser § 7 fyrste leddet.

## II

I følgjande føresegner skal tilvisingane til omgrepet herads- og byrettsdommar endrast til tilvisingar til omgrepet tingrettsdommar:

- 1. lov 13. august 1915 nr. 5 om domstolene (domstolloven) § 54 andre leddet og § 109
- 2. lov 13. august 1915 nr. 6 om rettergangsmåten for tvistemål (tvistemålsloven) § 287 fyrste leddet tredje punktumet
- 3. lov 7. juni 1935 nr. 2 om tinglysing § 1 fyrste leddet fyrste punktumet
- 4. lov 19. juni 1969 nr. 66 om merverdiavgift § 57 fjerde leddet tredje punktumet
- 5. lov 13. juni 1975 nr. 35 om skattlegging av undersjøiske petroleumsforekomster m.v § 6 nr. 1 b fyrste leddet
- 6. lov 4. februar 1977 nr. 4 om arbeidervern og arbeidsmiljø m.v § 61B fyrste leddet
- 7. lov 14. juni 1985 nr. 77 Plan og bygningslov § 60 andre leddet tredje punktumet

## III

I lov 28. november 1898 om Umyndiggjørelse skal § 2 andre leddet fyrste punktumet lyde:

Denne skal bestaa av *sorenskriveren* - eller, hvor der i *tingretten* er flere dommere, en av disse - som formand samt to av forliksmændene efter rækkefølgen i oppnævnelser.

## IV

I lov 13. august 1915 nr. 5 om domstolene (domstolloven) vert gjort følgjande endringar:

§ 19 fyrste leddet skal lyde:

*Tingrettene skal ha en sorenskriver som leder og så mange tingrettsdommere som til enhver tid er bestemt.* Det kan også utnevnes en nestleder. Har lederen og nestlederen forfall, skal den eldste av de andre dommerne gjøre tjeneste, så lenge ingen annen er oppnevnt.

§ 71 fyrste leddet fyrste punktumet skal lyde:

I hvert domssogn skal det være to alminnelige utvalg av meddommere for *tingrettssaker*, ett for kvinner og ett for menn.

## V

I lov 5. mai 1927 nr. 1 om arbeidstvister skal § 46 nr. 3 andre punktumet lyde:

For *tingrettssaker* etter denne lov får rettens formann og meddommerne skyss- og kostpenger etter de regler som ellers gjelder for slike saker.

## VI

I lov 17. januar 1997 nr. 11 om endringer i straffeloven m.v. (strafferettslige utilregnelighetsregler og særreaksjoner) vert gjort følgjande endringar i del I:

1. Lov 22. mai 1902 nr. 10 Almindelig borgerlig Straffelov (straffeloven):

§ 39 b andre leddet tredje punktumet skal lyde:

Påtalemyndigheten fremmer saken for *tingretten*, som avgjør den ved dom.

§ 39 b fjerde leddet andre punktumet skal lyde:

Senest tre år etter siste rettskraftige dom skal påtalemyndigheten enten beslutte opphør av reaksjonen eller bringe saken inn for *tingretten*, som avgjør om reaksjonen skal opprettholdes.

§ 39 e fyrste leddet tredje punktumet skal lyde:

Sak om forlengelse reises ved *tingretten* senest tre måneder før forvarings-tidens utløp.

§ 39 f andre leddet skal lyde:

Når den domfelte eller kriminalomsorgen begjærer løslatelse på prøve, fremmer påtalemyndigheten saken for *tingretten*, som avgjør den ved dom.

§ 39 g femte leddet fyrste punktumet skal lyde:

Dersom den løslatte i prøvetiden alvorlig eller gjentatt bryter fastsatte vilkår, eller særlige grunner ikke lenger tilsier prøveløslatelse i medhold av før-

ste ledd annet punktum, kan påtalemyndigheten bringe spørsmålet om gjeninnsettelse inn for *tingretten*.

2. Lov 22. mai 1981 nr. 25 om rettergangsmåten i straffesaker (straffeprosessloven):

§ 76 tredje leddet fyrste punktumet skal lyde:

Saker ved lagmannsrett og *tingrett* som gjelder forbrytelse som etter loven kan medføre fengsel i mer enn 6 år, eller sak hvor påtalemyndigheten vil påstå idømmelse av særreaksjon, skal under hoved- og ankeforhandling føres av en statsadvokat.

§ 76 tredje leddet sjuande punktumet skal lyde:

Saker for *tingretten* om forseelser føres som regel av polititjenestemenn som hører til påtalemyndigheten.

i del II:

Nr. 3 tredje punktumet skal lyde:

Saken må bringes inn for *tingretten* før lengstetiden løper ut.

Nr. 5 fyrste punktumet skal lyde:

For dom på sikring som ikke er satt i verk når loven trer i kraft, skal påtalemyndigheten såvidt mulig innen ett år etter lovens ikrafttredelse innstille sikringstiltaket eller reise sak for *tingretten* med påstand om idømmelse av særreaksjon etter straffeloven §§39, 39 a eller 39 c.

## VII

I lov 15. juni 2001 nr. 62 om endringer i domstoloven m.m. (den sentrale domstoladministrasjon og dommernes arbeidsrettslige stilling) gjerast følgjande endringar:

Lov 13. august 1915 nr. 5 om domstolene (domstoloven):

§ 10 andre leddet skal lyde:

Førstelagmannen kan tilkalle dommere fra *tingrettene* i lagdømmet til å ta sete i retten. Når særlige grunner foreligger, kan førstelagmannen også tilkalle dommere ved *tingrettene* og lagmannsretten i et annet lagdømme dersom de er villige til å gjøre tjeneste. Retten kan ikke settes med mer enn en tilkalt dommer eller pensjonist som er konstituert etter § 55 f uten når en av lagmannsrettens dommere uventet får forfall. Til behandling av anke eller kjæremål tilkalles ikke dommere fra den *tingrett* som har behandlet saken i første instans.

§ 19 fjerde leddet fyrste punktumet skal lyde:

Hvor saksmengden gjør det påkrevet, kan *tingrettene* etter bestemmelse av domstoladministrasjonen deles i avdelinger.

§ 25 fyrste leddet skal lyde:

Domstoladministrasjonen fastsetter ett eller flere faste rettssteder for *tingrettene*.

§ 55 fyrste leddet skal lyde:

Dommere til Høyesterett, lagmannsrettene og *tingrettene* utnevnes som embetsmenn av Kongen etter Grunnloven § 21.

§ 55 b andre leddet andre punktumet skal lyde:

Til dommerembeter i *tingretten* og i lagmannsretten gir domstollederen skriftlig uttalelse.

§ 55 d skal lyde:

Midlertidige dommere til Høyesterett, lagmannsrettene og *tingrettene* kan bare konstitueres eller tilsettes i de tilfeller som er nevnt i §§ 55 e til 55 g.

§ 63 fyrste leddet fyrste punktumet skal lyde:

I ethvert lensmannsdistrikt og i enhver kommune eller del av kommune som ikke hører til lensmannsdistrikt, skal det være ett hovedstevnevitne og så mange hjelpestevnevitner som *tingretten* fastsetter.

§ 121 b skal lyde:

En dommer i Høyesterett, lagmannsrettene og *tingrettene* kan ikke utøve rettshjelp til stadighet eller mot vederlag.

§ 121 c fyrste leddet skal lyde:

En dommer i Høyesterett, lagmannsrettene og *tingrettene* må søke om godkjenning for sidegjøremål

- 1. som kan medføre at dommeren mer en leilighetsvis kan bli inhabil
- 2. som kan medføre at arbeidet i dommerstillingen hemmes eller sinkes
- 3. i kollegiale forvaltningsorganer hvor det er sannsynlig at avgjørelser kan bli brakt inn for domstolene til overprøving
- 4. i privat eller offentlig næringsvirksomhet
- 5. i private tvisteløsningsnemnder og
- 6. om oppnevning som medlem av voldgiftsrett.

§ 121 e fyrste leddet fyrste punktumet skal lyde:

Sidegjøremål for dommere i Høyesterett, lagmannsrettene og *tingrettene* skal registreres.

§ 236 fyrste leddet skal lyde:

Tilsynsutvalget kan treffe vedtak om disiplinærtiltak når en dommer i Høyesterett, lagmannsretten og *tingrettene* forsettlig eller uaktsomt overtrer de plikter som stillingen medfører, eller for øvrig opptrer i strid med god dommerskikk.

§ 239 andre leddet fyrste punktumet skal lyde:

Partene i saken kan bringe Tilsynsutvalgets vedtak inn for *tingretten* ved søksmål.

§ 239 tredje leddet tredje punktumet skal lyde:

Ved behandlingen i *tingretten* og lagmannsretten skal retten settes med meddommere.

## VIII

I lov 15. juni 2001 nr. 63 om endringer i straffeprosessloven m.v. (gjenopptakelse) vert gjort følgjande endringar:

Lov 22. mai 1981 nr. 25 om rettergangsmåten i straffesaker (straffeprosessloven):

§ 261 andre punktumet skal lyde:

Begjæringen settes frem for *tingretten*, som også behandler saken på nytt hvis gjenopptakelse blir besluttet.

§ 400 andre leddet fyrste punktumet skal lyde:

Er dommen som skal gjenopptas avsagt av *tingretten*, sender kommisjonen sin avgjørelse til lagmannsretten, som peker ut en *tingrett* med tilgrensende rettskrets til å behandle begjæringen.

## IX

Lova tek til å gjelde frå den tid Kongen fastset.

